



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Mona Fauskanger, 5557 2203

Vår dato
23.05.2014
Dykkar dato
07.05.2014

Vår referanse
2013/16341 721.0
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Kapittel 0763 post 61 – avslag på søknad om tilskot til kommunalt rusarbeid

Fylkesmannen i Hordaland har no fordelt tilskot til kommunalt rusarbeid på rusfeltet over statsbudsjettet kap. 0763 post 61 for 2014.

Vi viser til søknad frå Lindås kommune på vegne av Nordhordland Utviklingsselskap IKS om kr. 1 000 000,- til prosjektet «Interkommunalt Forebyggende Russamarbeid, Region Nordhordland».

Føremålet med denne tilskotsordninga er å bidra til at menneske med rusmiddelrelaterte problem, åleine eller i kombinasjon med psykiske- og eller andre tilleggsproblem og lidingar, vert sikra tilgjengelege, heilskapelege og samanhengande teneste- og behandlingstilbod av høg kvalitet. Søknaden frå Lindås kommune gjeld førebyggjande arbeid og fell difor utanfor denne ordninga.

Vi ber Lindås kommune vurdere om det er aktuelt å søkje om skjønnsmidlar til dette prosjektet. [Informasjon om skjønnsmidlar finn de på nettsida til Fylkesmannen.](#)

I samsvar med forvaltingslova kapittel 6 kan det ikkje klagast på avgjerda om tilskot og vilkår i dette brevet, ettersom avgjerda ikkje er eit enkeltvedtak.

Med helsing

Rune Fjeld e.f.
ass. fylkesmann

Helga Arianson
fylkeslege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Region Nordhordland